



Utval: Formannskap
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 17.02.2016
Tid: 19:00 – 21:30

Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Christin Lindberg Skansen	Varaordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Arild Metveit	Kommunalsjef plan og teknikk
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
9/16 – 11/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
Ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
---------------------------	----------------

PS 9/16	Referatsaker
---------	--------------

PS 10/16	KS Debattheft 2016
----------	--------------------

PS 11/16	Høyring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunane
----------	---

Fyresdal 10. februar 2016

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 9/16 Referatsaker

RS 6/16 Orientering frå administrasjonen

RS 7/16 Økonomigjennomgang

RS 8/16 Vardebrenning

I møtet:

- Bruksendring på Foldsæ - rådmannen orientera om administrasjonen si handsaming av saka og dei vilkåra som var sett i vedtaket. Formannskapet tok dette til orientering og slutta seg til delegert vedtak i saka mot ei røyst som ville at formannskapet skulle ha saka til handsaming. Dersom det kjem inn andre argument i saka om oppretting av asylmottak på Foldsæ ynskjer formannskapet å få dette til orientering/handsaming.
- Høyringsuttale for endra reiselivsorganisering i Telemark – formannskapet tok notatet til orientering og ba om at dette vart sendt inn som eit foreløpig høyringssvar inntil kommunestyret hadde handsama endeleg høyringssvar på fyrstkomande møte.
- Tokke kommunestyret vedtok i går å avslutte vidare forhandling om kommunesamanslåing med Fyresdal. Møte i forhandlingsutvalet i morgon er dermed avlyst. Administrativt har det vore ei arbeidsgruppe i gang for å sjå på mogleg samarbeid, men her har ein konkludera med at det er små innsparingmogleghetar og kan føre til svekka fagmiljø.
- Seljord, Kviteseid og Nissedal har opna for at Fyresdal kan kome inn i dette samarbeidet. Dette er ikkje formannskapet interessert i på nåverande tidspunkt men at ein kan gå vidare med å sjå på mogleg samarbeid på administrative nivå.
- Telemarkrøye AS – behov for likvide midlar – Fleire uforutsette hendingar som gjer at ein ikkje får opp volumet slik det var planlagt. Ein jobbar nå iherdig for å skaffe seg fleire kundar, særleg på eksportområdet. Ein må sjekke med styret om det er vilje til å utvide aksjonærlista for å skaffe frisk kapital i selskapet. Rådmannen lagar sak til politisk handsaming.
- Rådmannen orientera om status på prosjekt som er i gang og søknader om nye prosjekt, sett opp mot omstillingskommunesøknaden. Formannskapet ynskjer ikkje å gå vidare med tettstadprosjektet i Folkestadbyen og var samtidig skeptiske til andre nye prosjekter utover omstillingskommuneprojektet.
- Ordførar og rådmann skal møte fylkesordførar og fylkesrådmann i tråd med samarbeidsavtala. Her vil tema vere fylkesvegar og trafikksikkerhet samt omstillingskommuneprojektet.
- Bustadfelt – marknadsføring og tilrettelegging må på plass – det vil bli laga eigen politisk sak i nær framtid.
- Anbud på prøveboring av ny vassforsyningskilde er gjennomført.
- Orientering om planar for utviding av vann- og kloakkområdet i Hauggrend.
-

PS 10/16 KS Debatthefte 2016

Innstilling frå rådmannen:

Kommunestyret sluttar seg til administrasjonen sine svar på dei 8 spørsmåla i debattheftet.

Handsaming i Formannskap - 17.02.2016

Då kommunestyret i februar er avlyst vart saka ferdig handsama i formannskapet slik at ein rekk å sende inn høyringssvar innan fristen.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 17.02.2016

Formannskapet sluttar seg til administrasjonen sine svar på dei 8 spørsmåla i debattheftet.

PS 11/16 Høyring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunane

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune ber om at det gjerast ei solid gjennomgang og etterprøving av innkomne høyringsnotat. Dette for å sikre at ei mogleg endring av inntektssystemet ikkje får utilsikta konsekvensar. Kommunar som kjem dårleg ut må sikrast gjennom andre overføringar som stimulerer til vekst og næringsutvikling for å sikre busetting i distrikta og ikkje framskundar sentraliseringa.

Handsaming i Formannskap - 17.02.2016

Framlegg frå ordføraren:

Regjeringas framlegg kan delast i fire:

1. Skatteutjamning og del av totale inntekter – her er vi opptatt av at skatteutjamning må skje i stor grad og minst på same nivå som i dag. Meir skatt til dei skattesvake kommunane og mindre til dei rike bør vektleggjast.
2. Regionalpolitiske tilskot – Endring i småkommunetilskotet retta meir mot talet på innbyggjarar og mindre vekt pr. kommune som i dag er eit framlegg frå regjeringa som vi er i mot. Her bør det gjevast eit likt beløp pr. kommune som i dag.
3. Oppdatering av kostnadsnøklane – Dette er greitt og bør gjerast kvart år.
4. Innføring av strukturkriterium – Innføring av eit slikt kriterium er i realiteten bruk av tvang for å få kommunane til å slå seg saman. Dette er vi i mot og eit slikt kriterium bør ikkje innførast.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 17.02.2016

Regjeringas framlegg kan delast i fire:

1. Skatteutjamning og del av totale inntekter – her er vi opptatt av at skatteutjamning må skje i stor grad og minst på same nivå som i dag. Meir skatt til dei skattesvake kommunane og mindre til dei rike bør vektleggjast.
2. Regionalpolitiske tilskot – Endring i småkommunetilskotet retta meir mot talet på innbyggjarar og mindre vekt pr. kommune som i dag er eit framlegg frå regjeringa som vi er i mot. Her bør det gjevast eit likt beløp pr. kommune som i dag.
3. Oppdatering av kostnadsnøklane – Dette er greitt og bør gjerast kvart år.
4. Innføring av strukturkriterium – Innføring av eit slikt kriterium er i realiteten bruk av tvang for å få kommunane til å slå seg saman. Dette er vi i mot og eit slikt kriterium bør ikkje innførast.